

Idrettsminne

Blekksprut på Brunstad

Velledalen IL deltok ved fleire høve i Holmenkollstafetten på 80-talet. Nokre gongar både med dame-og herrelag. I samband med desse turane til hovudstaden var det ikkje fritt for at det hende litt av kvart, inntrykka frå storbyen stod i sterk kontrast til den rolege, oversiktlege atmosfæra i heimbygda.

Holmenkollstafetten vart arrangert tidleg i mai. Det vart nytta ulike reisemåtar – oftast buss. Vanlegvis reiste vi nedover natt til laurdag, og heim att natt til måndag. Ikkje akkurat ei reise eigna til å kvile ut etter ei hard veke. Men slik hadde vi heile laurdagen til relativt fri disposisjon. Einaste pålagde gjeremål var at alle måtte gjere seg kjend med ”sin etappe” i løpet av fridagen.

Sjølve stafetten gjekk midt på dag søndag. Stor deltaking og herleg kaos i vekslingsfelta. 15 personar på kvart lag, og etappar frå knappe 400 til mest 3000 meter. Dei mest utrena fekk dei kortaste etappane, men stort sett hadde vi habile lag desse åra (bestetida var 54.42)

Siste året vi deltok var det verre. Då måtte vi jukse litt på grunn av mannskapsmangel. Ein av dei sprekaste (Nils Skylstad) måtte springe to etappar – éin i starten og éin mot slutten av stafetten. I tillegg måtte sjåfør Atle Grodås ta ein etappe då nauda var som størst. Men Grodås var godt trenna, så det gjekk bra.

Blekksprut til middag. Etter stafetten var slutt var det vanleg at vi rakk ein betre middag før vi sette oss i bussen med kurs for Sykkylven. Eitt av åra minnest eg vi var på ein restaurant som i velledalsk målestokk hadde det ein kan kalle litt ”dristigare” rettar på menyen. Nokre av oss åt ”safe”, medan andre hadde mot til å prøve det ukjende. Eksempelvis Terje Aurdal. Han åt blekksprut. Då alle var gode og mette, tok vi på heimveg.

Mykje busskøyring kan gjere at det vrengr seg i magen på nokon kvar. Etter ein del timar i bussen var det tydeleg at Terje var blitt bilsjuk. Men han stod løpet ut utan å spy. Vi nådde heim utpå morgonkvisten måndag – akkurat slik at det kunne bli nokre små timar søvn før arbeid eller skule.

Utpå kveldinga ringde eg til Terje for å bli oppdatert om den helsemessige stoda. Han høyrdest litt småsjaber ut i andre enden:

- I dag spydde eg blekksprut på Brunstad, var det fyrste han sa.

Terje dreiv nemleg skogplanting der.

Så vidt eg veit er Terje Aurdal den fyrste – og einaste – som har flytta eit blekksprutmåltid frå hovudstaden til Brunstad i Velledalen.

Atle Hole